



Biskopen kan akseptera at det blir bygt bustadhus der denne løa no står. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bjørgvin biskop har etter ei samla vurdering godkjent at Endre Nilsen Neset får setta opp eit bustadhus i staden for den løa som no står på ein eigedom som grensar til kyrkjegarden..Biskopen er innstilt på å gje dispensasjon frå 60-metersregelen på visse vilkår.**

Det omsøkte bygget ligg 52 meter frå kyrkja og etter kyrkjelova er det forbode utan løyve frå biskopen å oppføre bygg nærare kyrkja enn 60 meter i "spredtbygd område".

Bygget skal ha same storleik som løa har i dag og biskopen føreset at det også gjeld høgda på bygget. Løa står på motsett side av der inngangspartiet til kyrkje og kyrkjegard er i dag.

Kyrkjevergen har opplyst at han ikkje har innvendinger til tiltaket medan prosten rår til godkjenning under tvil. Det er eit vilkår at bygget ikkje får større storleik enn i dag og det gjeld også høgda. Bygget må tilretteleggjast slik at utsjånad, fargeval og takstein blir tilpassa det som er tradisjonelt i nærmiljøet.

Biskopen føreset at det nye bygget ikkje gjev endra trafikkmonster som gjer at det forstyrrar brukarar av kyrkje og kyrkjegard.

Biskopen presiserar at han gjer sitt vedtak med heimel i kyrkjelova og ikkje som kulturminnemyndigheit. Kommunen må vurdere om det er opplysningar i saka som gir grunnlag for å hente inn uttale frå kulturminnemyndigheiter, skriv biskopen.

Av Ola Matti Mathisen